



Dato: 17.11.2020
Arkiv: K1-210
Saksnr: 20/250-12
JpID: 20/38359
Saksbeh: Tone Storesætre

NOTAT

SVAR PÅ SPØRSMÅL KNYTT TIL ØKONOMIPLAN 2021 - 2024

Til: Kommunestyret

Frå: Rådmann

Saka gjeld:

Dokumentet inneheld spørsmål frå folkevalde til økonomiplan 2021-2024 med svar frå rådmannen. Rådmannen svarar samla til alle medlemmar av kommunestyret.

Nr	Type	Omtale
1	Spørsmål frå Jon Torger H. Salte (MDG)	I fjor blei Alternativ til vold teken ut av budsjettet. Er det gjort ei vurdering på om prosjektet fortsatt ikkje skal med i økonomiplan 2021-24?
	Svar frå rådmannen	<p>Det har ikkje vore vurdert å ta inn kjøp av tenester frå Alternativ til Vold (ATV) i økonomiplanen for 2021-2024.</p> <p>Bruk av ATV som tilbod var forankra i Handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2018-2022. Denne vart vedteken i Levekår i sak 014/18. I vedtaket vart det òg lagt inn ei bestilling om at handlingplanen skulle utvidast til å omhandla vald i nære relasjonar til vaksne og eldre. I opphavsleg budsjett 2019 vart det satt av kr 400 000 til kjøp av tenester Alternativ til vold (KS-073/18). I revidert budsjett 2019, KS-011/19, vart desse midlane tatt ut.</p> <p>Ny, revidert utgåve, <i>Handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2020-2024</i>, vart vedteken i Utval for levekår i sak 016/20 i møte 04.03.20. I denne utgåva vart tema vald i nære relasjonar til vaksne og eldre arbeidd inn, og tiltaka i planen vart ikkje knytt til kjøp av tenester frå Alternativ til vald (ATV).</p>
2	Spørsmål frå Jon Torger H. Salte (MDG)	<p>I timeplanen står det på side 39 at det ikkje er rom til å finna 450 000 til kontingent i prosjektet Ny Start Jæren.</p> <ul style="list-style-type: none">• Er dette på grunn av manglande behov, at me har dekkja ei slik teneste i ei av våre andre tenester? Eller har me då ikkje noko tiltak som vil hindra tilbakefall for rusmisbrukarar?• Er konsekvensen av dette at Time er heilt ute av prosjektet?• Er konsekvensen av dette at Time ikkje kan bli med neste år?
	Svar frå rådmannen	Time kommune har dei siste åra styrka tenestene innan psykisk helse- og rusarbeid, eit av satsingsområda er ettervern med tiltak mot tilbakefall for rusmisbrukarar. Målet i planperioden er å vidareutvikla ettervernsarbeidet, auka gruppetilbodet og sikra eit tilgjengeleg og fleksibelt tenestetilbod i tråd med

		omsorgstrappa (ref. andre og tredje avsnitt, side 39 i økonomiplanen). Time kommune har eit eige ettervernsprosjekt som starta opp i januar 2020 med to tilsette som arbeider fulltid i prosjektet, samt at fleire andre tilsette nyttar deler av sin stilling inn i ettervernsarbeidet. Rådmannen har vurdert behovet av tilbodet til Ny Start Jæren opp imot vårt eige ettervernsprosjekt og funne at innbyggerane i Time kommune allereie har eit tilfredsstillande tilbod om ettervern. Time kommune er i utgangspunktet ute av prosjektet, men er i dialog med Klepp kommune då dei i ettertid har fått tilskotsmidlar frå Fylkesmannen.																																							
3	Spørsmål frå Ole J. Alstadsæter (H)	Jeg ønsker en oversikt over dekningsgraden for sykehjemsplasser for aldersgruppen over 80 år. Hvor stort er behovet framover gitt dekningsgraden skal 22, 20 eller 18?																																							
	Svar frå rådmannen	<p>Dekningsgrad blir rekna ut på ulike måtar. Rådmannen tek utgangspunkt i den utrekninga som ein del kommunar (for eksempel Sandnes kommune) har brukt der ein ser på det totale talet på institusjonsplassar samt heildøgns omsorgsbustadar for eldre, fordelt på dagens og framskrivne tal for innbyggjarar over 80 år. Vedtekne forslag til utbygging i Bustadplan 2020-2040 er tatt med i utrekninga. Time kommune har fokus på å styrka dei lågaste trinna i omsorgstrappa for å redusera/utsetta behovet for institusjonsplassar.</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Time kommune</th> <th>2020</th> <th>2024</th> <th>2028</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Antall innbyggere over 80 år</td> <td>684</td> <td>812</td> <td>1027</td> </tr> <tr> <td>Sykehjemsplasser</td> <td>94</td> <td>99</td> <td>99</td> </tr> <tr> <td>Heldøgns omsorgsplasser</td> <td>24</td> <td>24 + mulig økt til heldøgnsbemanning på sivdamsenteret 15 = 39</td> <td>24+utbygging kvernaland 16 +døgnbemanning på sivdamsenteret 15 =53</td> </tr> <tr> <td>Sum</td> <td>118</td> <td>138</td> <td>152</td> </tr> <tr> <td>Dekningsgrad kun sykehjemsplasser</td> <td>13,7</td> <td>12,2</td> <td>9</td> </tr> <tr> <td>Dekningsgrad inkludert heldøgns omsorgsboliger for eldre</td> <td>17,3</td> <td>17</td> <td>14,8</td> </tr> <tr> <td>Økning gitt dekningsgrad 18</td> <td>5</td> <td>8</td> <td>33</td> </tr> <tr> <td>Økning gitt dekningsgrad 20</td> <td>18</td> <td>24</td> <td>53</td> </tr> <tr> <td>Økning gitt dekningsgrad 22</td> <td>32</td> <td>41</td> <td>74</td> </tr> </tbody> </table>	Time kommune	2020	2024	2028	Antall innbyggere over 80 år	684	812	1027	Sykehjemsplasser	94	99	99	Heldøgns omsorgsplasser	24	24 + mulig økt til heldøgnsbemanning på sivdamsenteret 15 = 39	24+utbygging kvernaland 16 +døgnbemanning på sivdamsenteret 15 =53	Sum	118	138	152	Dekningsgrad kun sykehjemsplasser	13,7	12,2	9	Dekningsgrad inkludert heldøgns omsorgsboliger for eldre	17,3	17	14,8	Økning gitt dekningsgrad 18	5	8	33	Økning gitt dekningsgrad 20	18	24	53	Økning gitt dekningsgrad 22	32	41
Time kommune	2020	2024	2028																																						
Antall innbyggere over 80 år	684	812	1027																																						
Sykehjemsplasser	94	99	99																																						
Heldøgns omsorgsplasser	24	24 + mulig økt til heldøgnsbemanning på sivdamsenteret 15 = 39	24+utbygging kvernaland 16 +døgnbemanning på sivdamsenteret 15 =53																																						
Sum	118	138	152																																						
Dekningsgrad kun sykehjemsplasser	13,7	12,2	9																																						
Dekningsgrad inkludert heldøgns omsorgsboliger for eldre	17,3	17	14,8																																						
Økning gitt dekningsgrad 18	5	8	33																																						
Økning gitt dekningsgrad 20	18	24	53																																						
Økning gitt dekningsgrad 22	32	41	74																																						
4	Spørsmål frå Ole J. Alstadsæter (H)	Bryne FK rykka opp frå Post Nord ligaen. Vil dette utløysa ekstra tilskot til klubben?																																							
	Svar frå rådmannen	<p>KS-040/10 Vedtak:</p> <p>3. <i>Profileringsstilskot til lagidrettar i dei to øvste divisjonane på nasjonalt nivå blir innført frå 2011. Bryne FK kan ikkje søkje om slikt tilskot før gjeldande avtaleperiode er avslutta i 2019.</i></p> <p>Lag i øvste divisjon kan søkje om tilskot på inntil 500 000 kroner per år. Lag i den nest øvste divisjonen kan søkje om tilskot på inntil 300 000 kroner per år. Rådmannen har ikkje «foregrepet begivenhetene» med opprykk, og midlar til dette er ikkje med i rådmannen sitt forslag.</p>																																							
5	Spørsmål frå Ingrid Fiskaa (SV)	Kvifor har utgreiinga om «Nye Storstova» blitt tatt ut av økonomiplanen?																																							

	Svar frå rådmannen	Synar til kap. 1.1 i økonomiplandokumentet «Rådmannen si innleiing» samt omtalen av dei økonomiske måltala. Investeringsnivået i perioden er redusert. Usikkerheita som pregar økonomien manar til forsiktigheit. Det har derfor ikkje vore rom for å prioritera dette arbeidet i planperioden.																														
6	Spørsmål frå Ingrid Fiskaa (SV)	Kva er planen for nye lokale til kulturskulen no?																														
	Svar frå rådmannen	Per nå er planen at kulturskulen skal fortsette i eksisterande lokale på Bryne skule.																														
7	Spørsmål frå Ingrid Fiskaa (SV)	Kva er grunnen til at me ikkje får presentert budsjettala i meir detaljerte tabellar over inntekter og utgifter? Ta til dømes oppvekst, side 32-33. Her får me først ei netto utgiftsramme med eitt samla tal for netto utgifter barnehage, til dømes. Så kjem kulepunkt med endringane samanlikna med inneverande år. Men dersom eg til dømes vil vita kva ein enkelt barnehage kostas oss, må eg spørja direkte om dette. Er dette mogleg å få utsendt meir detaljerte tal?																														
	Svar frå rådmannen	Budsjettet vert lagt fram på det nivået som kommunestyret skal vedta det på. Rådmannen fordelar etter delegert mynde ramma på dei ulike einingane. Det vert laga detaljbudsjett for dei ulike avdelingar, ulike tenester og ulike kostnads- og inntektsartar. Det er mogleg å få ein kopi av dette detaljbudsjettet. Dersom ein berre ønskjer opplysningar om ei enkelt eining, kan ein også få ei utskift av aktuell avdeling.																														
8	Spørsmål frå Ingrid Fiskaa (SV)	Kor mykje vil det kosta kommunen å redusera prisar for SFO med 30 % for: - Alle som går i 1. klasse - Alle som går i 1. – 2. klasse - Alle som går i 1. – 3. klasse - Alle som går i 1. – 4. klasse																														
	Svar frå rådmannen	Tabellane under syner omfanget av reduksjon i foreldrebetaling, som vil tilsvare auka kostnad for kommunen. Den første tabellen syner ein enkel berekning gjort med føresetnad om at alle elevane på 1.-4. trinn nyttar tilbodet på SFO, og har 100 %-plass. Den andre tabellen syner tilsvarende berekning, men gjort med grunnlag i det talet på elevar som nyttar SFO-tilbod i dag. I tillegg er det ikkje tatt høgde for at nokre kan nytte den nye ordninga med redusert foreldrebetaling for barn i 1. og 2. trinn. Ingen skal betala meir enn 6 % av husstandsinntekta for eit barn med full plass i SFO.																														
		<table border="1"> <thead> <tr> <th>Alle elevar</th> <th>Ant elevar</th> <th>Sats full plass</th> <th>full foreldrebetaling</th> <th>30% reduksjon</th> <th>Foreldrebet. etter red.</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>1.klasse</td> <td>268</td> <td>2915</td> <td>781 220</td> <td>234 366</td> <td>546 854</td> </tr> <tr> <td>alle 1.-2.</td> <td>535</td> <td>2915</td> <td>1 559 525</td> <td>467 858</td> <td>1 091 668</td> </tr> <tr> <td>alle 1.-3.</td> <td>799</td> <td>2915</td> <td>2 329 085</td> <td>698 726</td> <td>1 630 360</td> </tr> <tr> <td>Alle 1.-4.</td> <td>1081</td> <td>2915</td> <td>3 151 115</td> <td>945 335</td> <td>2 205 781</td> </tr> </tbody> </table>	Alle elevar	Ant elevar	Sats full plass	full foreldrebetaling	30% reduksjon	Foreldrebet. etter red.	1.klasse	268	2915	781 220	234 366	546 854	alle 1.-2.	535	2915	1 559 525	467 858	1 091 668	alle 1.-3.	799	2915	2 329 085	698 726	1 630 360	Alle 1.-4.	1081	2915	3 151 115	945 335	2 205 781
Alle elevar	Ant elevar	Sats full plass	full foreldrebetaling	30% reduksjon	Foreldrebet. etter red.																											
1.klasse	268	2915	781 220	234 366	546 854																											
alle 1.-2.	535	2915	1 559 525	467 858	1 091 668																											
alle 1.-3.	799	2915	2 329 085	698 726	1 630 360																											
Alle 1.-4.	1081	2915	3 151 115	945 335	2 205 781																											
		<p>Berekning ut frå kor mange som nyttar SFO-plass i dag, om alle hadde 100% plass:</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Elevar m/ plass i dag</th> <th>Ant elevar</th> <th>Sats full plass</th> <th>full foreldrebetaling</th> <th>30% reduksjon</th> <th>Foreldrebet. etter red.</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>1.klasse</td> <td>194</td> <td>2915</td> <td>565 510</td> <td>169 653</td> <td>395 857</td> </tr> <tr> <td>alle 1.-2.</td> <td>348</td> <td>2915</td> <td>1 014 420</td> <td>304 326</td> <td>710 094</td> </tr> <tr> <td>alle 1.-3.</td> <td>441</td> <td>2915</td> <td>1 285 515</td> <td>385 655</td> <td>899 861</td> </tr> <tr> <td>Alle 1.-4.</td> <td>472</td> <td>2915</td> <td>1 375 880</td> <td>412 764</td> <td>963 116</td> </tr> </tbody> </table>	Elevar m/ plass i dag	Ant elevar	Sats full plass	full foreldrebetaling	30% reduksjon	Foreldrebet. etter red.	1.klasse	194	2915	565 510	169 653	395 857	alle 1.-2.	348	2915	1 014 420	304 326	710 094	alle 1.-3.	441	2915	1 285 515	385 655	899 861	Alle 1.-4.	472	2915	1 375 880	412 764	963 116
Elevar m/ plass i dag	Ant elevar	Sats full plass	full foreldrebetaling	30% reduksjon	Foreldrebet. etter red.																											
1.klasse	194	2915	565 510	169 653	395 857																											
alle 1.-2.	348	2915	1 014 420	304 326	710 094																											
alle 1.-3.	441	2915	1 285 515	385 655	899 861																											
Alle 1.-4.	472	2915	1 375 880	412 764	963 116																											

9	Spørsmål frå Ingrid Fiskaa (SV)	Kor mykje vil det kosta å gje gratis SFO for alle som går i første klasse?
	Svar frå rådmannen	Per i dag er det 268 elevar på 1. trinn. Kostnad for gratis SFO-plass for alle, i 100%, vil vere kr 781 220. <i>NB: Per 1.okt 2020 bruker 194 elever på 1.trinn SFO-tilbod. Av desse har 102 elevar 100% plass → tilsvarar 52,6% av elevene.</i>
10	Spørsmål frå Ingrid Fiskaa (SV)	Kor mykje inntekt reknar kommunen med å ha på utleige av Storstova?
	Svar frå rådmannen	Leigeinntekter for utleige av Storstova og Bryne Mølle er årleg og samla budsjettert med 800 000 kroner. I eit normalt driftsår når me stort sett budsjettert nivå. I 2020 ser det nå ut som me når om lag 500 000 kroner.
11	Spørsmål frå Ingrid Fiskaa (SV)	Kva betaler Rogaland fylkeskommune for leige av Timehallen i dag?
	Svar frå rådmannen	1 028 000 kroner i 2020.
12	Spørsmål frå Ingrid Fiskaa (SV)	Kvar er forventet leigeinntekt på ny idrettshall?
	Svar frå rådmannen	Om lag 1,5 millionar kroner årleg i tillegg til dagens leigeinntekt for Timehallen. Men avtale er ikkje inngått ennå.
13	Spørsmål frå Ingrid Fiskaa (SV)	Kva betaler Time kommune for leige av Brynehallen på kveldstid?
	Svar frå rådmannen	Per dags dato har me ikkje betalt noko for vår bruk av Brynehallen. I referatet frå siste samarbeidsmøte med Rogaland fylkeskommune av 11.06.2020 framgår følgjande: «Kostnadsdekning for bruk av Brynehallen» <ul style="list-style-type: none"> • <i>RFK ønsker dekning for reinhald og strøm etter faktisk bruk</i> • <i>RFK kjem til bake til nøyaktige tal</i> • <i>TK ønsker å sjå dette i samheng med intensjonsavtale om leige av ny idrettshall.»</i> Avtale er ikkje inngått.
14	Spørsmål frå Ingrid Fiskaa (SV)	Kor mykje vil det kosta å ikkje rekna barnetrygda som inntekt ved utrekninga av sosialhjelp frå 2021?
	Svar frå rådmannen	Om lag 2,6 millionar kroner frå 2021. Det er lagt inn 50 % frå og med 2022 og 100 % frå og med 2023, jf. KS-085/19, pkt. 14, og pkt. 5.3.5 i dette økonomiplanforslaget.
15	Spørsmål frå Ingrid Fiskaa (SV)	Kor lang ventetid er det på å koma inn til PPT?
	Svar frå rådmannen	Det er ikkje venteliste for å kome til PPT. Det har ikkje vore det dei siste to åra.
16	Spørsmål frå Ingrid Fiskaa (SV)	Er det gjort undersøkingar som viser at det er behov for eit parkeringshus ved Timehallen?
	Svar frå rådmannen	Ja. Sjå vedlegga «Planomtale» og «Mobilitetsplan» til ULK-020/20 av 05.03.20 «Plan 0517.00: Områdeplan for BF11, Bryne sentrum» då den vart førstegongs behandla i ULK og lagt ut på høyring og offentleg ettersyn.

17	Spørsmål frå Ingrid Fiskaa (SV)	Kva vil kommunen spara ved å redusera politikarlønnene med 20 %
	Svar frå rådmannen	Brutto lønn til folkevalde er budsjettert til 4,9 millionar. 20 % er 980 000 kroner.
18	Spørsmål frå Jone Edland (Ap)	Kva vil det koste i 2021 og 2020 i auka låneopptak, renter og utgifter viss ein starter bygginga av symjehall i 2021?
	Svar frå rådmannen	Det vil vera avhengig av kor stor del av investeringa ein budsjetterer med dei einskilde åra. Det er nok ikkje realistisk å få slutføra regulering og prosjektering slik at ein kan starta bygginga i 2021, så låneopptaket ville nok skjedd i 2022 og 2023. Avhengig av fordelinga av låneopptaket mellom dei to åra vil ein kunne rekna avdrag per år ut i frå ei avdragstid på 30 år. Når det gjeld renter har rådmannen i økonomiplanen side 13 budsjettert med ei renta på 1,25 % i 2021 som vert trappa opp noko kvart år til 1,7 % i 2024.
19	Spørsmål frå Jone Edland (Ap)	Kor mykje vil det koste og drifte ein symjehall ?
	Svar frå rådmannen	Dette har me ikkje rekna konkret på enno då mogleg ny symjehall og aktuelt konsept ligg noko lengre fram i tid. Eit mykje grovt anslag frå prosjektgruppa tufta på eit konkurransebasert basseng på 25x21 meter og eit opplæringsbasseng på 12,5x8,5 meter, begge med hev/senk løysing viser ei netto driftsutgift årleg på mellom 2,5 og 5 millionar kroner. Rådmannen vil understreka at desse tala ikkje er tilstrekkeleg kvalitetssikra. Det er fortsatt usikkerheit knytt til momskompensasjon og billettsal/inntekter m.a. I tillegg kjem avdrag og renteutgifter.
20	Spørsmål frå Jone Edland (Ap)	Kor mykje inntekter vil ein få av Eiendomsskatt på kraftanlegg, vindkraftverk og kraftskatt?
	Svar frå rådmannen	<p>Dei aktuelle eigedomane under eigedomsskattelova § 3 bokstav c vil måtta takserast av innleigde fagpersonar før ein kan seia noko om inntektspotensialet. Rådmannen har i sitt forslag til økonomiplan føreslått å greia ut skatten i 2021 for så å innføra ho i 2022. Det føreligg derfor ikkje noko vidare utgreiing per nå.</p> <p>Generell informasjon om innføring av eigedomsskatt etter § 3 c: Vedtak om eigedomsskatt må skje i budsjettvedtaket året før innføring. Eigedomsskatten må starta på éin promille, og kan deretter trappast opp med éin promille årleg til sju promille. Første året kommunen skriv ut eigedomsskatt må taksering og utskrivning vera gjennomført innan utgongen av juni, og skatten vert då skriven ut for heile året. Kommunen må oppretta eit eigedomsskattekontor.</p>
21	Spørsmål frå Jone Edland (Ap)	I økonomien står det at ein på gjere nødvendige utbetringar både når det gjeld Storstova og Rådhuset, kva meiner ein med nødvendige?
	Svar frå rådmannen	<p>Storstova: Sluttarbeidet med oppgradering av artistgarderobar og fellesrom, samt utskifting av vindauga med lekkasje i front/ved inngangspartiet i 2021 og utskifting av diverse teknisk utstyr i 2024.</p> <p>Rådhuset: Prosjekt 1107 gjeld mellom anna skjermingstiltak i innbyggjarservice slik at det er mogleg å ha samtaler med innbyggjarar utan at andre høyrar det og oppgradering av formannskaps- og kommunestyresal.</p>
22	Spørsmål frå Jone Edland (Ap)	Finnes det kommunale tomter på Kvernaland som kunne eignast seg til bufelleskap etter foreldreinitiativ etter modell av Floen burettslag?
	Svar frå rådmannen	Ja, jf. BFK1 v/Frøyland stadion, føresegn 21.5.2.4, i framlagt forslag til kommuneplan, arealdelen 2018 – 2030, fase 2, (FSK 24.11.20).

		Synar óg til Timeplanen side 38, siste avsnitt der Rådmannen foreslår å bygge eit «foreldreinitiativ» i planperioden, og at det vert bygd på Svertingstad. Syner også til side 11 og 12 i Bustadplan 2020-2040.
--	--	---

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskriven signatur